

## **Økonomisk sosialhjelp**

### **Kva kan du få hjelp til?**

Du kan få råd og rettleiing om kva for moglegheiter du har i din situasjon. Dersom du ikkje har eller kan skaffe det tilstrekkeleg med inntekter til å kjøpe mat, betale for husleige eller straum, kan du søkje om økonomisk sosialhjelp ved Nav kontoret i kommunen.

### **Krav til søkjar**

Du kan søkje om økonomisk sosialhjelp dersom du:

- Oppheld deg lovleg i Noreg
- Bur fast i Noreg
- Ikkje har pengar til for eksempel mat, husleige eller straum
- Ikkje kan sørge for deg sjølv gjennom jobb eller andre inntekter

### **Slik søker du om økonomisk sosialhjelp**

#### **1. Vedlegg som må følgje med søknaden**

- Gyldig legitimasjon
- Lønnslipp/dokumentasjon på anna inntekt/formue
- Kontoutskrift
- Siste sjølvmelding og likning/skatteoppgjer (får hos Skatteetaten)
- Dokumentasjon på bustadforhold
- Fakturaer som viser utgifter til for eksempel husleige, bustadlån, straum mm

#### **2. Fyll ut søknadsskjema**

- Kom til Nav kontoret og få søknadsskjema. Nav kontoret vil ha behov for å snakke med deg om din situasjon før søknaden vert ferdigbehandla.
- Har du fått sosialhjelp tidlegare, kan du fylle ut forenkla søknad.

#### **3. Lever skjemaet på ditt Nav kontor.**

## **Kva skjer vidare?**

Når søknaden din er behandla får du eit skriftleg vedtak. Tar saksbehandlinga lenger enn to veker, får du eit foreløpig svar.

## **Klage**

Klagefrist er tre veker frå då mottok vedtaket. I vedtaket får du også informasjon om korleis du klager. Klagen må innehalde grunngjeving for klagen og eventuelle nye opplysningar og dokumentasjon. Klagen skal sendast til Nav kontoret i kommunen.